



Arkivnr: 2014/11266-41

Saksbehandlar: Snorre Waage, Eva Katrine R. Taule

**Saksframlegg****Saksgang**

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for kultur, idrett og regional utvikling		24.04.2019
Fylkesutvalet		02.05.2019

**Regional plan for Hardangervidda. Vedtak om høyring og offentleg ettersyn****Samandrag**

Fylkeskommunane i Hordaland, Buskerud og Telemark vedtok som del av sine regionale planstrategiar (2017-2020) å rullere Regional plan for Hardangervidda. Arbeidet starta opp i 2017 med Hardangerviddarådet som styringsgruppe. Dei har no lagt fram sitt forslag til rullert plan. Rådmannen rår til at Hardangerviddarådet sitt forslag til plan no vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn.

Dei tre fylkeskommunane hadde våren 2017 tilnærma like saker i sine fylkesutval om rulleringa av Regional plan for Hardangervidda. Planprogram for planarbeidet vart deretter utarbeida og vedtatt av fylkesutvala vinteren i 2017/2018. Planarbeidet er i all hovudsak gjennomført i samsvar med dette.

Planarbeidet har tatt utgangspunkt i gjeldande regionale plan for Hardangervidda (vedtatt i 2011). Forslag til rullert regional plan vidarefører det meste av gjeldande plan, men forslaget inneber nokre justeringar av arealsoner, nokre endringar av retningsliner og eit fornya tiltaksprogram. I Hordaland er det gjort mindre innskrenkingar i nasjonalt villreinområde i Odda og Ullensvang samt at to område i Odda er overført til mindre restriktive arealsoner.

**Klima og miljø:** Regional plan for Hardangervidda inneheld føringar som skal vere positive for miljøtilstand og leveområdet for villreinen på Hardangervidda.

**Økonomiske konsekvensar:** Planrulleringa gjer ingen særlege økonomiske endringar for Hordaland fylkeskommune.

**Folkehelse:** Friluftsliv og ferdsel på Hardangervidda, i berekraftig samspel med villreinen sine behov, er ein vesentleg del av den regional planen. Planarbeidet ønskjer med dette å legge til rette for ein aktiv og tilpassa bruk av fjellheimen, som er positivt i eit folkehelseperspektiv.

**Regional planstrategi:** Planprosessen er i samsvar med regional planstrategi.

**Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 8-3 høyring og offentleg ettersyn av forslag til Regional plan for Hardangervidda.
2. Hardangerviddarådet/styringsgruppa for planarbeidet skal drøfte og anbefale endringar i planen med bakgrunn i høyringsinnspele før planen vert lagt fram til fylkesutval og fylkesting for sluthandsaming.
3. Det vert føresett likelydande vedtak i Telemark fylkeskommune og i Buskerud fylkeskommune.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Vedlegg

- 1 Planrapport\_Regional plan for Hardangervidda
- 2 Plankart\_Regional plan for Hardangervidda.
- 3 Konsekvensutgreiing\_Regional plan for Hardangervidda

## Fylkesrådmannen, 26.03.2019

### Bakgrunn

Fylkeskommunane i Buskerud, Telemark og Hordaland vedtok hausten 2016, i sine regionale planstrategiar, å rullere Regional plan for Hardangervidda.

Med bakgrunn i dette hadde dei tre fylkeskommunane våren 2017 tilnærma like saker i sine fylkesutval om rullinga. Planprogram for planarbeidet vart deretter utarbeida og vedtatt av fylkesutvala vinteren i 2017/2018. Planarbeidet er i all hovudsak gjennomført i samsvar med dette.

Hardangerviddarådet er styringsgruppe for planarbeidet. Dette består av ordførar (eller en annen sentral politikar) i kvar av dei ni Hardangervidda-kommunane, to sentrale politikarar frå kvar av fylkeskommunane, ein representant frå kva av dei tre fylkesmennene og leiar av villreinnemnda. Hordaland fylkeskommune sine medlemmer er Linda Jondahl og Gustav Bahus. Planarbeidet vert gjennomført med prosjektleiar i Buskerud fylkeskommune som samarbeider tett med administrasjonane i dei involverte kommunane, fylkeskommunane, fylkesmennene og villreinnemnda.

Planarbeidet har tatt utgangspunkt i gjeldande regionale plan for Hardangervidda (vedtatt i 2011). Planen inneheld planomtale, plankart, retningslinjer, konsekvensutgreiing og handlingsprogram. Plankartet har følgjande arealsoner: Nasjonalt villreinområde, Fjell og annan utmark, Stølsdalar, Fjell- og fjordbygder og Utbyggingssone.

Forslag til rullert regional plan bringer vidare det meste av den gjeldande planen, men forslaget inneber nokre justeringar av arealsoner, nokre endringar av retningsliner og eit fornya handlingsprogram.

I Hordaland er nasjonalt villreinområde innskrenka for eit område inst i Valldalen i Odda og omdefinert til arealsone stølsdal. I tillegg er eit område ved Heng i Ullensvang omdefinert til arealsone Fjell og annan utmark. Det er også gjort korrigering av unøyaktig grense ved Seljestad i Odda.

I Odda er elles fire område omdefinert til mindre restriktive arealsoner.

I retningslinjene er det gjort endringar knytt til vinterdrift av Rv7 utifrå at skrantesjuke har ført til at ein ikkje lenger ønskjer trekk mellom Nordfjella og Hardangervidda. Reviderte retningslinjer setter større fokus på differensiert friluftsbruk gjennom året. Omlegging av stiar og løyper og avgrensning av ferdsel kan bli viktige grep for å ivareta villrein. Rammene for dokumenterbar utmarksnæring vert vidareført. Reviderte retningslinjer setter også større fokus på omsyn til villrein i forvaltning av vassdrag og energiproduksjon.

På tre punkter i retningslinene, om veggen over Imingfjell (§2.4), om gjelder i utmark (§2.9) og om turisthytter i nasjonalt villreinområde (§3.1), vert det lagt fram alternative forslag. Disse punkta er forventa å bli sentrale i høyringa, men truleg vil også andre spørsmål bli tatt opp.

Høyringsutgåve med plankart (datert 05.03.2019) og planrapport med planrapport, retningsliner og handlingsprogram (datert 12.03.2019) vert anbefalt lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Konsekvensutgreiinga datert 7. februar 2019 vil følge med som del av høyringsdokumenta. Høyringsperioden skal vere minst 6 veker. Frist vert sett når alle fylkesutvala har fatta vedtak om høyring.

### Alternative løysingar

Det er eit alternativ å sende saka tilbake til Hardangerviddarådet med konkrete forslag til endringar i planforslaget. Men med bakgrunn i at prosessen er gjennomført i samsvar med planprogrammet sine rammar (som vart vedtatt av dei tre fylkesutvala) og i eit breitt samarbeid med fylkeskommunane, kommunane, fylkesmenn og villreinnemnda, vil ikkje rådmannen anbefale dette.

### Fylkesrådmannens vurdering

Fylkesrådmannen rår til at vedlagte forslag til plan vert lagt ut til høyring og offentlig ettersyn. Høyring vil bli kunngjort i aktuelle aviser og orientert om på fylkeskommunane sine nettsider. Aktuelle statlege etatar, aktuelle kommunar, samt aktuelle organisasjonar skal tilskrivast om høyringa.